

Å kome til orde – skapande skiving og livskvalitet

Masteroppgåve av Fanny Holmin

Høgskulen i Volda 2016

Samandrag

Auka samarbeid mellom kultur og helse blir satsa på frå nasjonalt hald, i nordisk samanheng og internasjonalt. Dette er eit stort felt som femner om både kultur- og helsepolitikk, praksis i helse- og omsorgstenestane, og eit veksande forskingsfelt. I Bergen vart tilbodet Kunst, kultur og psykisk helse etablert som eit kulturtilbod i 2001, med fokus på menneske sine ressursar, interesser og engasjement. Det spesifikke fokuset for denne studien er korleis skapande skiving verkar inn på menneske si oppleving av livskvalitet. Metoden har vore kvalitative intervju av seks deltakarar i Kunst, kultur og psykisk helse. Tre av intervjuar var skriftlege via ein e-postdialog som strekte seg over ein to vekers periode, medan dei andre tre var tradisjonelle intervjumøte, der det eine møtet gjekk føre seg ved videooverføring på Skype. Analysen av intervjumaterialet blir presentert i fire analytiske kategoriar; Det skapande, Verdi, Relasjonar og røynda, og Identitet. Resultatet viser eit rikt og komplekst forhold mellom det skapande og eigen livskvalitet. I drøftinga går stemmene og erfaringane frå studien i samtale med to andre perspektiv. Det første er korleis pasienten si stemme kjem til orde i journaltekster i psykiatrien. Det andre er refleksjonar omkring forhold mellom skapande skiving og det skriveterapeutiske, gjennom ein presentasjon av «The writing cure». Teoriar om kreativitet, og Lakoff og Johnson sin teori om korleis metaforar strukturerer og påverkar røyndomen vår, er ein del av bildet. Studien ser samanhengar mellom skapande skiving og livskvalitet som eit verdispørsmål, der både den estetiske dimensjonen i skapande arbeid, og det etiske prinsippet i retten til å kome til orde, trer fram. Det å skrive kan vere helsebringande, men den skapande skrivinga kan vere grunna i andre mål enn ynskje om betringsprosessar. Det å skrive for å skape er ei autotelisk handling. Samanhengane mellom kultur og helse viser seg ikkje alltid på ein straumlinjeforma måte.